

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Reduksjon av sjukeheimslassar i Norge

Reduksjon av sjukeheimspllassar i Norge Økonomien i kommunane har stadig blitt dårlegare med reduserte overføringer fra staten. Særleg ille er det blitt etter kommunereforma og samanslåing av kommunar. Dette skjer over heile landet. Det rammar eldreomsorga generelt og sjukeheimspllassar spesielt, då kommunane får mesteparten av driftsmidlane til sjukeheimspllassar finansiert med statlege overføringer. Som eksempel vil vi vise til kva som skjer i to kommunar i Vestland fylke:

Voss kommune har fått redusert dei statlege inntekta sine med 26 millionar kroner det siste året. Dette har medført at 24 institusjonspllassar er blitt avvikla. 16 aldersheimpllassar som vart brukte til pleiepasientar på Hagahaugen skulle erstattast med 20 nye eldrebustader på Vetleflaten Omsorgssenter. Desse omsorgsbustadane er grunna dårleg kommuneøkonomi no tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsnivå. Åtte pllassar i Voss sjukeheim står tomme. Eldreomsorga på Voss har såleis mista 24 institusjonspllassar, utan erstatning siste året grunna manglende driftsmidlar og statlege overføringer. Driftsbudsjettet av heile eldreomsorga er redusert med fleire millionar.

I Ullensvang kommune føreslo Rådmannen til budsjettbehandlinga for 2021 å avvikla Utneheimen sjukeheim med 24 pllassar. I tillegg til å legge ned 10 sjukeheimspllassar i Røldal og redusera sjukeheimspllassar i Odda og Kinsarvik, til sammen ca 50 sjukeheimspllassar. Dette vart ikkje vedteke av politikarane, men både sjukeheimen og eldreomsorga elles fekk store nedskjeringar av driftsbudsjetten og politikarane bad administrasjonen om så sjå på alternative løysingar for heildøgnspllassar.

Kommunane har frå staten blitt pålagde/oppfordra til å følgje opp den statlege omsorgsreforma «Leva heile livet». Ei reform som pålegg endring av institusjonsomsorg til heimebasert omsorg, utan ei krone i ekstramidlar til kommunane for å gjennomføra denne reforma som i hovudsak har som målsetting at: «Alle eldre skal få bu heime så lenge dei vil, med pleie i heimen». Eller som mange no seier: «Alle skal bu i heimen så lenge kommunen vil».

Dette medfører at kommune og stat overfører offentlege pleieoppgåver til pårørande og frivillige. Dette er ei reversering av velferdsstaten sine tenester, og ei attendeføring av omsorgsansvaret til familien og dei som frivillig stiller opp. Dette blir for mange eldre ei uverdig avslutning på livet.

1. Fylkeseldrerådet i Vestland viser til at det vert stadig fleire eldre i Noreg med stort pleiebehov. Det er da uakseptabelt å redusere eksisterande sjukeheimspllassar, ut frå manglende driftsmidlar i kommunane.
2. Fylkeseldrerådet i Vestland kan ikkje akseptera at kommunane avviklar sjukeheimspllassar, medan behovet for sjukeheimspllassar går opp. Vi viser til at det i årets statsbudsjett er avsett investeringsmidlar for 5000 nye sjukeheimspllassar i Noreg. Kommunane får imidlertid ikkje nødvendige driftsmidlar.
3. Fylkeseldrerådet i Vestland ber Regjering og Storting løyve nødvendige driftsmidlar til drift av både gamle og nye sjukeheimspllassar snarast, slik at eldre pleietrengande får ei verdig avslutning på livet.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag fekk 8 røyster mot 1 (Knudtsen Larsen) og vart vedteke.

Vedtak

Reduksjon av sjukeheimslassar i Norge

Reduksjon av sjukeheimslassar i Norge Økonomien i kommunane har stadig blitt dårlegare med reduserte overføringer frå staten. Særleg ille er det blitt etter kommunereforma og samanslåing av kommunar. Dette skjer over heile landet. Det rammar eldreomsorga generelt og sjukeheimslassar spesielt, då kommunane får mesteparten av driftsmidlane til sjukeheimslassar finansiert med statlege overføringer. Som eksempel vil vi vise til kva som skjer i to kommunar i Vestland fylke:

Voss kommune har fått redusert dei statlege inntekta sine med 26 millionar kroner det siste året. Dette har medført at 24 institusjonslassar er blitt avvikla. 16 aldersheimlassar som vart brukte til pleiepasientar på Hagahaugen skulle erstattast med 20 nye eldrebustader på Vetleflaten Omsorgssenter. Desse omsorgsbustadane er grunna dårleg kommuneøkonomi no tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsnivå. Åtte plassar i Voss sjukeheim står tomme. Eldreomsorga på Voss har såleis mista 24 institusjonslassar, utan erstatning siste året grunna manglande driftsmidlar og statlege overføringer. Driftsbudsjettet av heile eldreomsorga er redusert med fleire millionar.

I Ullensvang kommune føreslo Rådmannen til budsjetbehandlinga for 2021 å avvikla Utneheimen sjukeheim med 24 plassar. I tillegg til å legge ned 10 sjukeheimslassar i Røldal og redusera sjukeheimslassar i Odda og Kinsarvik, til saman ca 50 sjukeheimslassar. Dette vart ikkje vedteke av politikarane, men både sjukeheimen og eldreomsorga elles fekk store nedskjeringar av driftsbudsjettet og politikarane bad administrasjonen om så sjå på alternative løysingar for heildøgnslassar.

Kommunane har frå staten blitt pålagde/oppfordra til å følgje opp den statlege omsorgsreforma «Leva heile livet». Ei reform som pålegg endring av institusjonsomsorg til heimebasert omsorg, utan ei krone i ekstramidlar til kommunane for å gjennomføra denne reforma som i hovudsak har som målsetting at: «Alle eldre skal få bu heime så lenge dei vil, med pleie i heimen». Eller som mange no seier: «Alle skal bu i heimen så lenge kommunen vil».

Dette medfører at kommune og stat overfører offentlege pleieoppgåver til pårørande og frivillige. Dette er ei reversering av velferdsstaten sine tenester, og ei attendeføring av omsorgsansvaret til familien og dei som frivillig stiller opp.
Dette blir for mange eldre ei uverdig avslutning på livet.

1. Fylkeseldrerådet i Vestland viser til at det vert stadig fleire eldre i Noreg med stort pleiebehov. Det er da uakzeptabelt å redusere eksisterande sjukeheimslassar, ut frå manglande driftsmidlar i kommunane.
2. Fylkeseldrerådet i Vestland kan ikkje akseptera at kommunane avviklar sjukeheimslassar, medan behovet for sjukeheimslassar går opp. Vi viser til at det i årets statsbudsjett er avsett investeringsmidlar for 5000 nye sjukeheimslassar i Noreg. Kommunane får imidlertid ikkje nødvendige driftsmidlar.
3. Fylkeseldrerådet i Vestland ber Regjering og Storting løyve nødvendige driftsmidlar til drift av både gamle og nye sjukeheimslassar snarast, slik at eldre pleietrengande får ei verdig avslutning på livet.